



Er det likevel håp om større reduksjon av eigedomsskatten for den konkursramma Eidsvik?

**Formannskapet hadde i det siste møtet sitt oppe saka om nedsetjing av eigedomsskatten for Eidsvik Eigedom og vedtok samrøystes å utsetja ho. Administrasjonen skal no laga ei generell utgreiing om moglegheitene som finst i eigedomsskattelovas paragraf 28. Rådmannen hadde gått inn for at søknaden om ettergjeving av heile skatten for i år og reduksjon av utrekningsgrunnlaget til 3 millionar ikkje skulle imøtekomast.**

Saksbehandlar og økonomisjef Geir Mogren peika på at ein etter lova må taksera utifrå verdien på anlegget uavhengig av om det er drift eller ikkje. Utifrå det meinte han at dette var ei kurant sak. Han viste til likehandsamingsprinsippet og ei liknande sak med Hydro Husnes og at søknaden om skattereduksjon der er trekt.

Kommunen har hatt fleire møter med Eidsvik og har nedgradert nokre bygg frå driftsbygningar til isolerte lager slik at taksten er redusert frå 13 157 000 kroner til 10 435 000 kroner. Betalingsfristen er redusert med eit halvt år i påvente av ein betra økonomi.

Kjell Yri (V) meinte at dette var eit spesielt tilfelle og ville ha ei betre utgreiing av eigedomsskattelovas paragraf 28 der det heiter at formannskapet kan setja ned eller ettergjeva skatten hvis det føreligg særlege grunnar.

Arve Opsanger (Ap) og Knut Prestnes (uavhengig) slutta seg til dette medan Bjarne Berge (H) meinte at denne saka viser den dårlege sida av eigedomsskatten.

Tekst, foto og nett:: Grenda og Ola Matti Mathisen